HELSE FØRDE

KS KOMMUNESEKTORENS INTERESSE- OG ARBEIDSGIVERORGANISASJON
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities

Sakliste Koordineringsrådet

Føremål: Møte i Koordineringsrådet
Møtetid: 2 desember 2021 kl. 10.00 -15
Stad: Thon hotell Jølster

Deltakarar:		
Namn	**Tittel**	**Eining**
Arve Varden	Administrerande direktør	Helse Førde HF
Børge Tvedt	Klinikkdirektør PHV	Helse Førde HF
Anne Kristin Kleiven	Utviklingsdirektør	Helse Førde HF
Asle Kjørlaug	Fagdirektør	Helse Førde HF/ Fagrådet
Trine Vingsnes	Klinikkdirektør MED	Helse Førde HF
Tone Holvik	Stadleg leiar NSH	Helse Førde HF
Marte Ulltang	Samhandlingssjef	Helse Førde
Ole John Østenstad	Kommunedirektør	Sunnfjord kommune/ SIS
Åslaug Krogsæter	Kommunedirektør	Stad kommune/ Nordfjord
Håkon Loftheim	Kommunedirektør	Askvoll kommune/ HAFS
Gunn Lerøy	Kommunedirektør	Lærdal kommune/ Sogn
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Kinn kommune/ Fagrådet
Elin Sørbotten	Samhandlingskoordinator	Interkommunal samhandlingskoordinator
Eilif K Berdal	Leiar brukarutvalet	Felles Brukarutval Sogn og Fjordane
Gro Indrebø	Varamedlem FBU	Felles Brukarutval Sogn og Fjordane
Observatørar:		
Frode Kyrkjebø	Dagleg leiar	KS Sogn og Fjordane

Sak nr.	Tema:	Tidsrom:	Ansvar:
15/2021	Velkommen, godkjenning av innkalling, sakliste og referat	10.00 – 10.10	Håkon Loftheim, kommunedirektør, Askvoll kommune – leiar koordineringsrådet
16/2021	Oppfylging av saker/ aksjonspunkt frå sist møte: - Status tilbakemelding - kurs for LIS legar anbudsprosess og tildeling frå statsforvaltaren - Arbeidstakarorganisasjonar som fast medlem i helsefellesskapet?	10.10-10.20	Guro Vik Kvalsund Marte Ulltang
17/2021	Møteplan 2022 helsefellesskapet Overtaking av leiarverv/ drøfting av funksjonstid for meldlem av utvala i helsefelleskapet	10.20-10:40	Marte Ulltang
18/2021	Helsefellesskap - Fastsetting av namn? - Oppnemning av gjennomgåande brukarrepresentasjon i helsefellesskapet. - Status i arbeidet med rammeavtale og delavtalar. - Status i arbeidet med dei prioriterte gruppene.	10:40-11:10	Elin Sørbotten
19/2021	Orientering om arbeidet med nettverk for kommuneoverlegar og representasjon inn i helsefellesskapet og framtidig utviklingsarbeid.	11:10-11:20	Jan Helge Dale
20/2021	Status arbeidet med regionrådssamarbeid	11:20-11:30	Frode K
	Lunsj	11:30-	

		12:30	
21/2021	Samhandlingskonferanse 2022	12:30-12:40	Elin Sørbotten
22/2021	Erfaringskonferanse 2022	12:40 12:50	Elin Sørbotten
23/2021	Utviklingsplanen - status	12.50 13:10	Marit Kleiven
24/2021	Betre felles planlegging, involvering av HFD i planarbeidet i kommunane?	13:10-13:30	Arve Varden
25/2021	Godkjenning av budsjett felles brukarutval 2022	13:30-13:50	Eilif K Berdal
26/2021	Operasjonalisering av vedtak prehospital plan	13:50-14:10	Arve Varden
27/2021	Samhandlingsavvik	14:10-14:25	Kjellaug Berntsen
28/2021	Evt.	14:25-14:45	Håkon Loftheim

HELSE FØRDE

KS KOMMUNESEKTORENS INTERESSE- OG ARBEIDSGIVERORGANISASJON
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities

Koordineringsrådet – referat

Føremål: Møte i Koordineringsrådet
Møtetid: 28.April 2021 kl. 10.00 – 11.30
Stad: Digitalt møte - virtuelt møterom: 717458

Deltakarar:			
Namn	**Tittel**	**Eining**	**Fråvær**
Arve Varden	Administrerande direktør	Helse Førde HF	
Børge Tvedt	Klinikkdirektør PHV	Helse Førde HF	
Anne Kristin Kleiven	Utviklingsdirektør	Helse Førde HF	
Evy-Helen Helleseth	Fagdirektør	Helse Førde HF/ Fagrådet	
Trine Vingsnes	Klinikkdirektør MED	Helse Førde HF	
Tone Holvik	Stadleg leiar NSH	Helse Førde HF	
Marte Ulltang	Samhandlingssjef	Helse Førde	
Ole John Østenstad	Kommunedirektør	Sunnfjord kommune/ SIS	
Åslaug Krogsæter	Kommunedirektør	Stad kommune/ Nordfjord	
Håkon Loftheim	Kommunedirektør	Askvoll kommune/ HAFS	
Gunn Lerøy	Kommunedirektør	Lærdal kommune/ Sogn	
Jan Helge Dale	Kommuneoverlege	Kinn kommune/ Fagrådet	
Elin Sørbotten	Samhandlingskoordinator	Interkommunal samhandlingskoordinator	
Eilif K Berdal	Leiar brukarutvalet	Felles Brukarutval Sogn og Fjordane	
Gro Indrebø	Felles brukarutval	Felles Brukarutval Sogn og Fjordane	
Observatørar:			
Linda Svori	Assisterande fylkeslege	Fylkesmannen i Vestland	X
Sjur Lehmann	Assisterande fylkeslege spes.h.t.	Fylkesmannen Vestland	X
Clara Øberg	Direktør for tannhelsetenesta	Vestland Fylkeskommune	x
Frode Kyrkjebø	Dagleg leiar	KS Sogn og Fjordane	x

Sak nr.	Tema:	Tidsrom:	Ansvar:
09/ 2021	Velkommen, godkjenning av innkalling, sakliste og referat. Aksjonspunkt frå sist møte: - Samhandlingsavvik - Arbeidsgruppe utviklingsplanen Helse Førde	10.00 – 10.10	Håkon Loftheim, kommunedirektør, Askvoll kommune – leiar koordineringsrådet
10/2021	Orientering om prosjekt Campus Vie	10:10- 10:30	Anne Kristin Kleiven
11/2021	Orientering om Vestlandslegen	10:30- 10:50	Anne Kristin Kleiven
12/2021	Orientering om at helseføretaka skal ta i mot tilvisingar og rettigheitsvurdere for private avtalespesialister frå 2021	10:50- 11:10	Børge Tvedt
13/2021	Orientere om status stadleg leiar Lærdal og utlysing stilling samhandlingssjef	11:10- 11:15	Anne Kristin Kleiven
14/2021	Evt/avslutning - Invitasjon til statsforvalter om deltaking til neste møte i koordineringsrådet. Innspel til saker frå deltakarane. - Deltaking av tilsetteorganisasjonane i framtidig helsefellesskapsstruktur. (Marte U) - Kurs for LIS legar som er legevaktspersonell i kommunane har vore utført av ambulansetenesta i Helse Førde. Statsforvalter har sagt opp avtala med HFD og lyst desse kursa ut på anbod. Drøfting i møte. (Anne Kristin)	11:15- 11:30	Håkon Loftheim

Sak nr.	Referat:
09/ 2021	Leiar Håkon Loftheim føretok opprop og ønska velkommen til det fulldigitale møtet. Innkalling og sakliste godkjend. Referat frå siste møtet godkjend.

	Elin Sørbotten gjorde greie for aksjonspunkt frå sist møte: - Samhandlingsavvik - Arbeidsgruppe utviklingsplanen Helse Førde
10/2021	Utviklingsdirektør Anne Kristin Kleiven orienterte kort om prosjekt Campus Vie Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet har sett i gang eit forprosjekt som skal vurdere behov for, og tilrå løysingar for felles arealutfordringar. HVL førebur ein søknad om å bli universitet med profesjons- og arbeidslivsprofil frå 2023, noko som òg vil medføre kompetanse-, areal- og andre infrastrukturbehov knytt til m.a. forsking og innovasjon. Forprosjektet skal • Konkretisere kva som må til for å lukkast. Felles fysiske lokale er eitt av vilkåra. Forprosjektet skal gje tilråding om kva aktivitetar som bør vere samlokaliserte. Sluttrapporten skal synleggjere alternativ og gje framlegg til løysing på areal, og synleggjere kva funksjonar, aktivitetar, kva interessentar utanom HVL og HFD som er aktuelle, behov, moglege finansieringsmodellar, synergiar og organisering av samlokaliseringa og samarbeidet • Sjå både på det kortsiktige behovet og løysingar for dette, som dreiar seg om flytting frå eksisterande leigde lokale andre plassar i Førde, og eit langsiktig behov og aktuelle løsyingar. • Koblast tett saman med dei to pågåande prosjekta Nye Førde sjukehus og Campusutvikling HVL. Sistnemde er eit prosjekt initiert av Kunnskapsdepartementet, der HVL skal legge ein plan for utvikling av alle dei fem campusane til HVL[1]. Sluttrapport skal leverast november 2021. Koordineringsrådet tok orienteringa til vitande
11/2021	Kort orientering om Vestlandslegen av Utviklingsdirektør Kleiven Ein rapport om «Studieplasser i medisin i Norge – Behov, modeller og muligheter» frå 2019, gir råd om at Noreg organiserer seg slik at vi sjølv utdannar 80% av dei legane landet har bruk for. For å nå dette målet må det tal studieplassar i medisin i Noreg aukast med 440. Etablering av studieplassar i dette omfanget vil kreve betydelege ressursar både i form av kapital, akademisk kompetanse og infrastruktur. Vestlandslegen er tenkt som eit kompetanseløft for helsetenesta i heile landsdelen. Det skal tilføre helsetenestene i Helse Vest akademisk kompetanse, styrke kvaliteten og konkurransekrafta til forskingsmiljøa, betre samarbeidet mellom helseføretaka, og betre rekrutteringa i regionen, både i og utanfor sjukehus. Dette medfører at ressursar og kompetanse på heile Vestlandet kan byggast ut og takast i bruk i medisinutdanninga. Helse Førde har i høyringa til rapporten støtta konseptet Vestlandslegen. HFD ser det som viktig å bidra til å auke andelen av legar utdanna i Noreg generelt og ser især gevinstar for helseføretaket i eit slikt samarbeid som Vestlandslegen representerer, ikkje minst i eit rekrutteringsperspektiv for både kommunane og spesialist.

	Fleire av rådsmedlemmane applauderte initiativet både på vegne av kommunane og føretaket, og ønska helseføretaket lukke til med arbeidet. Koordineringsrådet tok orienteringa til vitande.
12/2021	Klinikkdirektør Børge Tvedt orienterte om at helseføretaka frå 1.03.2021 skal ta i mot tilvising og rettigheitsvurdere for private avtalespesialister. Dei regionale helseføretaka, Legeforeningen og Psykologforeningen har i reviderte nasjonale rammeavtalar avtalt at alle tilvisingar innan psykisk helsevern skal sendast til helseføretaka, «ein veg inn». Dette inneber at alle tilviste pasientar innan psykisk helsevern skal bli rettigheitsvurdert og tildelt pasientrettigheter av helseføretaka. Avtalespesialistane kan berre få tildelt pasient som har fått rett til nødvendig helsehjelp av helseføretaket. Helse Førde ønskjer at vurdering av tilvisingar til avtalespesialistar skal gå føre seg i etablert vurderingseining ved kvart DPS, som i praksis vil sei at lokal poliklinikk og skal vurdere tilvising til avtalespesialister i eige opptaksområde. Helse Vest har gitt tilslutning til at Helse Førde kan organisere det slik lokalt, trass i at ein elles vurderer eit felles tilvisingsmottak i kvart HF. Det vert etablert ei arbeidsgruppa som skal organisere og operasjonalisere tilvisingsmottak for Helse Førde og private avtalespesialister i opptaksområdet i samsvar med regionalt prosjekt og prosjektdirektiv. Det vart etterlyst brukarrepresentasjon inn i arbeidsgruppa, noko Tvedt lovde ville bli vurdert saman med andre tilbakemeldingar som også vart presentert i møtet. Koordineringsrådet tok orienteringa til vitande.
13/2021	Orientering om status stadleg leiar Lærdal og utlysing stilling samhandlingssjef frå utviklingsdirektør Kleiven og administrerande direktør Arve Varden. Vidar Øvrebø er konstituert i stilling som stadleg leiar LSH ut dette året. Stilling som samhandlingssjef vert utlyst i næraste framtid. Kommunedirektørane i Sogn er opptekne av kva tankar HFD har vidare for funksjon for lokal stadleg leiar ved LSH. I høve til arealplan og samhandling med kommunane vert det meld at intern leiarstruktur i HFD vert opplevd som utfordrande å forhalde seg til. AD signaliserer at det vert invitert til møte mellom føretaket og kommunane snarast.
14/2021	<u>Eventuelt:</u> **Aktuelle saker å drøfte med statsforvaltaren:** Elin Sørbotten informerte om tidlegare praksis i høve til statsforvaltaren sin invitasjon og deltaking til møta i koordineringsrådet, og AD HFD supplerte med informasjon. Frå kommunesektoren vert det meld om at dei kjenner på tapet av møteforum for felles dialog med statforvaltaren etter etableringa av det nye storfylket Vestland. Etter litt diskusjon vart det avgjort at ein held på dagens praksis og inviterer statsforvaltaren og fylkeslegen i framtida når vi har særskilde konkrete saker. Det kom ikkje innspel til saker frå deltakarane i dette møtet, men deltakarane vart invitert til å melde til samhandlingskoordinator om aktuelle saker til seinare møter.

	Kst. samhandlingssjef Marte Ulltang informerte om at det er kome innspel om deltaking frå tilsetteorganisasjonane i helseføretaket i framtidig helsefellesskapsstruktur. Det vert synt til at det ikkje føreligg nasjonale retningslinjer for slik deltaking, og etter noko drøfting vart det beslutta at ein avventar at overordna retningslinjer omhandlar tema. Det vert peika på verdien av godt samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane, og det er bra at desse spørsmåla kjem no før nytt helsefellesskap vert endeleg etablert. Deltaking av arbeidstakarorganisasjonane var ikkje spesifikt drøfta då skissa for helsefellesskap vart utforma, men det har vore diskutert kven av alle felles samarbeidspartar som bør delta i faste møtepunkt. Her vert det synt til utfordringane med store møteplassar dersom vi skal kunne drøfte og vedta saker. Arbeidstakarorganisasjonane er mange, og ein stillar spørsmål kring korleis ein praktisk skal kunne gjennomføre dette. Ei rask kartlegging syner at i helseføretaket aleine er det totalt 13 arbeidstakarorganisasjonar, og for kommunane er det vanskeleg å skulle sjå felles representasjon av arbeidstakarorganisasjonane på tvers av kommunegrenser. Ein syner til viktigheita av å involvere arbeidstakarorganisasjonane i konkret arbeid der tilsetteinvolvering er viktig for godt resultat. Koordineringsrådet ynskjer at saka vert drøfta i arbeidsgruppa som har utarbeidd skissa til nytt helsefellesskap og at det kjem ei tilråding som medlemmane av koordineringsrådet kan ta stilling til. Koordineringsrådet sender spørsmålet vidare til arbeidsgruppa for etablering av nytt helsefelleskap, og ber om at det vurdert som hensiktsmessig å innlemme arbeidstakarorganisasjonane i dei nye samhandlingsorgana. Samhandlingssjef og interkommunal samhandlingskoordinator fylgjer opp saka, og tek med aktuelle signal og innspel frå koordineringsrådet.
	Utviklingsdirektøren informerte om kurs for LIS legar som er legevaktspersonell i kommunane og som har vore utført av ambulansetenesta i Helse Førde. No har statsforvalteren sagt opp avtala med HFD og lyst desse kursa ut på anbod. Kommunelege Jan Helge Dale supplerte med informasjon frå korleis ordninga har fungert i kommunane. Etter noko drøfting i møtet ber koordineringsrådet HFD om å tilrettelegge – eige vedtak frå koordineringsrådet til statsforvaltaren. Vedtak: Koordineringsrådet meiner det er uheldig at Statsforvaltaren no vel å lyse ut anbod på rammeavtale for levering av kurs i akuttmedisin for LIS 1. Akuttmedisin er eit av satsingsområda i helsefellesskapa, og det er derfor uheldig at opplæringa i akuttmedisin vert trekt ut av samarbeidet mellom helseføretaka og kommunane. Dette gjer at mogelegheit for samtrening og opplæring mellom aktørane i den akuttmedisinske kjeda blir svekt, og kjem direkte i strid med intensjonane i helsefellesskapa. Koordineringsrådet oppmodar Helse Førde å legge til rette for å levere anbod slik at dei fortsatt kan vere arrangør av akuttmedisinkurset for LIS 1 legar og fastlegar i spesialisering, om dette er innanfor dei reglar som gjeld for helseføretaket. Kurset der unge legar får møte kurshaldarar som dei seinare skal samarbeide med i den lokale akuttmedisinsk kjeda, har vore viktig for å rekruttere og behalde legar i helseføretaket og kommunane i nedslagsfeltet. Til sist i møtet orienterte AD Varden kort om at det vert invitert til Dialogmøte mellom styret HFD og kommunane 11.juni.

Sak 16/2021 Oppfylging av saker/aksjonspunkt frå sist møte

Status tilbakemelding - kurs for LIS legar anbodsprosess og tildeling frå statsforvaltaren
Guro Kvalsvik, seksjonsleiar Kompetanse og utdanning, orienterer i møtet

---

Referat frå Koordineringsrådet 28 April 2021/15

Utviklingsdirektøren informerte om kurs for LIS legar som er legevaktspersonell i kommunane og som har vore utført av ambulansetenesta i Helse Førde. No har statsforvalteren sagt opp avtala med HFD og lyst desse kursa ut på anbod. Kommunelege Jan Helge Dale supplerte med informasjon frå korleis ordninga har fungert i kommunane. Etter noko drøfting i møtet ber koordineringsrådet HFD om å tilrettelegge – eige vedtak frå koordineringsrådet til statsforvaltaren.

Vedtak: Koordineringsrådet meiner det er uheldig at Statsforvaltaren no vel å lyse ut anbod på rammeavtale for levering av kurs i akuttmedisin for LIS 1. Akuttmedisin er eit av satsingsområda i helsefellesskapa, og det er derfor uheldig at opplæringa i akuttmedisin vert trekt ut av samarbeidet mellom helseføretaka og kommunane. Dette gjer at mogelegheit for samtrening og opplæring mellom aktørane i den akuttmedisinske kjeda blir svekt, og kjem direkte i strid med intensjonane i helsefellesskapa. Koordineringsrådet oppmodar Helse Førde å legge til rette for å levere anbod slik at dei fortsatt kan vere arrangør av akuttmedisinkurset for LIS 1 legar og fastlegar i spesialisering, om dette er innanfor dei reglar som gjeld for helseføretaket. Kurset der unge legar får møte kurshaldarar som dei seinare skal samarbeide med i den lokale akuttmedisinsk kjeda, har vore viktig for å rekruttere og behalde legar i helseføretaket og kommunane i nedslagsfeltet»

Forslag til vedtak: «*Koordineringsrådet tek orienteringa til vitande»*

Arbeidstakarorganisasjonar som fast medlem i helsefellesskapet?
Marte Ulltang, samhandlingssjef Helse Førde, orienterer i møtet

---

Frå referat koordineringsrådet 28.04:
«Kst. samhandlingssjef Marte Ulltang informerte om at det er kome innspel om deltaking frå tilsetteorganisasjonane i helseføretaket i framtidig helsefellesskapsstruktur. Det vert synt til at det ikkje føreligg nasjonale retningslinjer for slik deltaking, og etter noko drøfting vart det beslutta at ein avventar at overordna retningslinjer omhandlar tema.

Det vert peika på verdien av godt samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane, og det er bra at desse spørsmåla kjem no før nytt helsefellesskap vert endeleg etablert.
Deltaking av arbeidstakarorganisasjonane var ikkje spesifikt drøfta då skissa for helsefellesskap vart utforma, men det har vore diskutert kven av alle felles samarbeidspartar som bør delta i faste møtepunkt. Her vert det synt til utfordringane med store møteplassar dersom vi skal kunne drøfte og vedta saker.

Arbeidstakarorganisasjonane er mange, og ein stillar spørsmål kring korleis ein praktisk skal kunne gjennomføre dette. Ei rask kartlegging syner at i helseføretaket aleine er det totalt 13

arbeidstakarorganisasjonar, og for kommunane er det vanskeleg å skulle sjå felles representasjon av arbeidstakarorganisasjonane på tvers av kommunegrenser.

Ein syner til viktigheita av å involvere arbeidstakarorganisasjonane i konkret arbeid der tilsetteinvolvering er viktig for godt resultat. Koordineringsrådet ynskjer at saka vert drøfta i arbeidsgruppa som har utarbeidd skissa til nytt helsefellesskap og at det kjem ei tilråding som medlemmane av koordineringsrådet kan ta stilling til.

Koordineringsrådet sender spørsmålet vidare til arbeidsgruppa for etablering av nytt helsefelleskap, og ber om at det vurdert som hensiktsmessig å innlemme arbeidstakarorganisasjonane i dei nye samhandlingsorgana. Samhandlingssjef og interkommunal samhandlingskoordinator fylgjer opp saka, og tek med aktuelle signal og innspel frå koordineringsrådet»

Arbeidsgruppa for helsefellesskap hadde møte 20.05 og konkluderte med følgande tilråding til koordineringsrådet:

«Arbeidsgruppa tilrår å følgje nasjonale anbefalingar om deltaking i helsefellesskap. Partnarane må syte føre at arbeidstakarorganisasjonane vert involvert i aktuelle saker og prosessar der det er behov, gjennom eigne fora og møteplassar i sine organisasjonar slik praksisen har vore i felles samhandlingsstruktur.

Kommunane og Helse Førde må sjølve ta ansvar for å involvere arbeidstakarorganisasjonane i konkret arbeid, og saker der tilsetteinvolvering er viktig for eit godt resultat. Arbeidsgruppa tilrår difor ikkje at arbeidstakarorganisasjonane vert faste medlem av helsefellesskapa, men dei verte invitert og involvert ved behov.»

Forslag til vedtak: «*Koordineringsrådet stiller seg bak framlegget frå arbeidsgruppa for helsefellesskap»*

Sak 17/2021 Møteplan 2022 helsefellesskapet og overtaking av leiarverv/ drøfting av funksjonstid for meldlem av utvala i helsefelleskapet

Marte Ulltang, samhandlingssjef Helse Førde, orienterer i møtet

---

Endring i leiarskap Strategisk samarbeidsutval

Oppsummering:
Leiar- og nestleiarfunksjonen har veksla årleg mellom Helse Førde HF og kommunane. Håkon Loftheim har vore leiar for koordineringsrådet gjennom 2021, og Arve Varden var leiar gjennom 2020. Møtestad vert også flytta mellom kommunane og helseføretaket utifrå kven som har leiarfunksjonen. Etter dagens struktur vert medlem i utvala oppnemnt for to år av gongen. I ny struktur for helsefellesskap vert det tilrådd oppnemning av medlemmar for fire år av gongen for å sikre ein betre kontinuitet i våre felles møtefora. Ein ber difor koordineringsrådet drøfte og ta stilling til om leiarfunksjonen bør rullere like ofte som før, eller om det vil være tenleg å utvide leiarfunksjonen til å gå frå eit til to år.

Faktaopplysningar:
Rammeavtalen mellom Helse Førde og kommunane regulerer samarbeidsformer mellom partnarane. For å kunne tilrettelegge for god samhandling, skal ein ha føremålstenlege organ der partane kan møtast.

Koordineringsrådet har vore eit administrativt samarbeidsutval for Helse Førde HF og kommunane i dekningsområdet vårt. Partnarane har gjennom inngått rammeavtale forplikta seg til å etablere og nytte koordineringsrådet i tråd med føresetnadene i dette mandatet. Ved innføring av Helsefellesskapet vil Koordineringsrådet endre namn til Strategisk samarbeidsutval, og revidert rammeavtale mellom partnarane vil regulere oppgåver, samansetjing og arbeidsform i Strategisk utval.

Oppgåver
Koordineringsrådet har hatt ansvar for å

- følgje opp og vedlikehalde rammeavtalen
- gi si vurdering i saker av prinsipiell administrativ, fagleg og økonomisk karakter som gjeld samhandling i høve pasientar/brukarar
- drøfte og tilrå løysing ved usemje som ikkje kan løysast på anna nivå
- tilrå delavtalar overfor partane og godkjenne prosedyrar som gjeld samhandling om felles pasientar etter framlegg frå fagrådet eller ein eller fleire av partane
- drøfte rapportar om avvik og uønska hendingar som gjeld samhandlinga
- førebu dialogmøtet
- arrangere samhandlingskonferansen
- fokusere på erfaringsutveksling, kompetanseoverføring og felles møteplassar
- bidra til utvikling og spreiing av gode modellar for samhandling
- ha eit oppdatert oversyn over ulike samhandlingsprosjekt i området til tidligare Sogn og Fjordane

Samansetjing
Koordineringsrådet har vore sett saman av seks representantar frå kommunane, seks frå Helse Førde HF og to brukarrepresentantar. Ein av kommunerepresentantane og ein av representantane frå helseføretaket har også vore medlema i fagrådet (gjennomgåande representasjon). Det har vore oppnemd vararepresentantar.

KS i fylket har sytt føre oppnemning av dei kommunale representantane. Ved oppnemninga har ein sikra at det er ein representant frå alle regionrådssamarbeida i fylket. Brukarutvalet har oppnemnd brukarrepresentantane. Medlemane har sjølve vore ansvarlege for kontakten med dei som dei representerer. Statsforvaltaren i Vestland og KS i har hatt møte- og talerett for ein utsending kvar. Representantane har vore oppnemnde for to år.

Arbeidsform
Rådet konstituerer seg sjølv. Leiar- og nestleiarfunksjonen har veksla årleg mellom Helse Førde HF og kommunane. Funksjonsperioden for rådet har vore november - november.

Saker blir fremja av partnarane gjennom representantane, som har eit sjølvstendig ansvar for å bringe fram tema/saker til handsaming. Vedtak føreset at alle medlemane er samde og forpliktar partnarane. Helse Førde HF og den enkelte kommunen har ansvar for at vedtak blir gjennomførde.

Koordineringsrådet skal ha møte minimum 4 gonger pr. år, og møteplan for funksjons-perioden blir avtalt. Utvalet legg fram årsrapport i 1. kvartal.

Sekretariatsfunksjonen ligg til Helse Førde HF.

Koordineringsrådet 2021:
- Leiar: Håkon Loftheim, rådmann, Askvoll kommune/HAFS
- Arve Varden, adm.direktør, Helse Førde HF
- Børge Tvedt, direktør psykisk helsevern, Helse Førde HF
- Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør, Helse Førde HF
- Asle Kjørlaug, fagdirektør, Helse Førde HF/fagrådet
- Trine Vingsnes, direktør medisinsk klinikk, Helse Førde HF
- Marte Ulltang, samhandlingssjef, Helse Førde HF
- Tone Holvik, stadleg leiar Nordfjord sjukehus, Helse Førde HF
- Ole John Østenstad, kommunedirektør Sunnfjord kommune
- Åslaug Krogsæter, Stad kommune/Nordfjord
- Jan Helge Dale, kommuneoverlege, Kinn kommune/fagrådet
- Gunn Lerøy, rådmann Lærdal kommune/Sogn
- Elin-Therese Sørbotten, interkommunal samhandlingskoordinator
- Clara Øberg, direktør for tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune (observatør)
- Frode Kyrkjebø, dagleg leiar, KS Sogn og Fjordane (observatør)
- Audun Nedrebø, leiar i felles brukarutval i Sogn og Fj.
- Lisbeth Johnsen, nestleiar i felles brukarutval i Sogn og Fj.
- Elin-Therese Sørbotten, samhandlingskoordinator, KS

Varamedlemer 2021:
- Terje Heggheim, leiar i rådmannsutvalet/ Flora kommune/Sunnfjord
- Åslaug Krogsæter, Stad kommune/Nordfjord
- Erik Askeland, administrasjonssjef, Solund kommune/HAFS
- Øystein Furnes, kommuneoverlege, Førde kommune/Fagrådet
- Linda Svori, ass. Fylkeslege
- Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk, Helse Førde HF
- Vidar Øvrebø, stadleg leiar Lærdal sjukehus, Helse Førde HF
- Toril Taklo, avdelingssjef psykisk helsevern for barn og unge
- Robert Brennersted, avdelingssjef avdeling for akuttmedisin

Endring av funksjonstid for utval ved etablering av Helsefellesskap
Rapporten frå arbeidsgruppa for Helsefellesskap har vore handsama i våre felles samhandlingsorgan gjennom 2021. Rammeavtala mellom partnarane vert no revidert, før endeleg iverksetting om Helsefellesskapet mellom Helse Førde og kommunane.

Etter dagens struktur vert medlem i utvala oppnemnt for to år av gongen. Leiar- og nestleiar-funksjonen har veksla årleg mellom Helse Førde HF og kommunane. I ny struktur for helsefellesskap vert det tilrådd oppnemning av medlemmar for fire år av gongen for å sikre ein betre kontinuitet i våre felles møtefora. Ein ber difor koordineringsrådet drøfte og ta stilling til om leiarfunksjonen bør rullere like ofte som før, eller om det vil være tenleg å utvide leiarfunksjonen til å gå frå eit til to år.

Tilråding:

- Koordineringsrådet oppnemnar xxx som leiar for Strategisk samarbeidsutval i 2022.

- Koordineringsrådet ser utfordringane med kontinuitet i arbeidet når skifte av leiar vert årleg, og utvidar leiarvervet til å gjelde for to år av gongen. Leiarvervet skal fortsette å rullere mellom partnarane kvart andre år. Endringane vil også gjelde for fagrådet frå og med 2022.

- Koordineringsrådet vil halde på dagens praksis og skiftar leiar årleg. Same praksis vil gjelde for fagrådet.

Møteplan Helsefellesskap 2022

Saksopplysningar:
Møta i Helsefellesskapet skal leggast til Helse Førde i 2022.

Det er planlagt 1 Partnarskapsmøte, 4 møter i Strategisk samarbeidsutval og 4 møter i Fagleg samarbeidsutval.

Det planleggast for fysiske møter og Helse Førde er arrangør.

Møteplan Helsefellesskap 2022				
	1 kvartal	2 kvartal	3 kvartal	4 kvartal
Fagleg samarbeidsutval	17 februar	28 april	8 september	17 november
Strategisk samarbeidsutval	2 mars	4 mai	21 september	30 november
Partnarskapsmøte		3 juni		

Framlegg til vedtak:
«Koordineringsrådet vedtek møtedag og dato for møta i 2022.
Samhandlingssjef syt føre invitasjon/møteinnkalling og at det praktiske kring møta vert organisert/koordinert.»

Sak 18/2021 Helsefellesskap

Elin Sørbotten, interkommunal samhandlingskoordinator, orienterer i møtet

---

Oppsummering:
Arbeidet med helsefellesskap har pågått i over eit år, og har no vore behandla gjennomgåande i samhandlingsstrukturen. Sist i partnarskapsmøtet September 2021.
Det pågår no arbeid med revisjon av rammeavtala.
Nokre moment treng ein meir avklaringar rundt, og ein ber difor koordineringsrådet ta stilling til følgande:

1. Fastsetting av nytt namn på helsefellesskapet.
2. Oppnemning av brukarrepresentant gjennomgåande i helsefellesskapet i tråd med føringane.
3. Revisjon av rammeavtala, det er behov for avklaringar kring følgande moment før ein går vidare i arbeidet.

- Det er mange og omfattande avtalar mellom HF og kommunane, bør ein sjå på å slå saman eller kutte nokre avtalar?
- Bør ein opprette nytt avtaleutval i dette arbeidet?
- Elektronisk avtaleverk? Sjå til arbeidet i Helse Bergen.
- Bør rammeavtala skifte namn til eit meir gjenkjenneleg namn for ein overordna samarbeidsavtale?

4. Arbeidet med dei fire prioriterte pasientgruppene, korleis skal ein ta sikte å starte på dette arbeidet.

Opplysningar og vurderingar i saka:

1. **Fastsetting av nytt namn på helsefellesskapet.**

Det føreligg ingen føringar for namn på helsefellesskap. Namnet for Helsefellesskapet bør synleggjere at dette er eit helsefellesskap mellom Helse Førde HF og kommunane i nedslagsfeltet.

2. **Oppnemning av brukarrepresentant gjennomgåande i helsefellesskapet.**

I helsefellesskapet er brukarrepresentasjon noko som vert løfta fram både nasjonalt, regionalt og lokalt.
I vårt helsefellesskap har vi eit felles brukarutval som sikrar brukarmedverknad i våre felles råd/utval og utviklingsarbeid som pågår på tvers.
Koordineringsrådet har brukarrepresentasjon fast, og har hatt dette sidan oppretting av dette utvalet.
Dialogmøte har også hatt tradisjon for å invitere leiar av FBU til møte.
Det er derimot ikkje brukarrepresentasjon i fagrådet, og ein ber koordineringsrådet som styringsgruppe for FBU om å sikre brukarrepresentasjon inn i fagleg samarbeidsutval.

3. **Revisjon av avtaleverk**

Bakgrunn:
Partnarane er etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester av 14.06.11 § 6-1 mfl. og spesialisthelsetenestelova § 2-1e, 2. ledd, pålagt å inngå samarbeidsavtalar.
Rammeavtalen skal fremje kommunikasjonen mellom Helse Førde og kommunane. Føremålet med avtalen er vidare å konkretisere oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom kommunen og helseføretaket, samt å etablere gode samarbeidsrutinar på sentrale samhandlingsområde. Avtalen skal medverke til at pasientar og brukarar mottar eit heilskapleg tilbod om helse- og omsorgstenester.

Rammeavtalen skal gi overordna føresegner om samarbeidsformer, generelle føresegner som gjeld uavhengig av tenesteområde mv, og fastsetje ein prosess for vedtak av delavtalar mellom partnarane og felles prosedyrar. Avtalane skal medverke til å sikre reell brukarmedverknad.

Partnarane skal i delavtalar og prosedyrar gi meir detaljerte føresegner, m.a. om konkrete pasientforløp, ansvars- og rolledeling, partnarane sitt informasjons- og rettleiingsansvar, finansiering, organisering, eventuelt behov for avklaring av arbeidsgjevaransvar, mv.

Delavtalane skal inngå som vedlegg til rammeavtalen, og er på same måte som rammeavtalen rettsleg bindande mellom partnarane med mindre anna går fram. I tilfelle motstrid mellom rammeavtala og delavtalar skal rammeavtalen ha forrang.

Lovpålagte områder for samarbeidsavtalar:

1. enighet om hvilke helse- og omsorgsoppgaver forvaltningsnivåene er pålagt ansvaret for og en felles oppfatning av hvilke tiltak partene til enhver tid skal utføre,
2. retningslinjer for samarbeid i tilknytning til innleggelse, utskrivning, habilitering, rehabilitering for å sikre helhetlige og sammenhengende helse- og omsorgstjenester til pasienter med behov for koordinerte tjenester,
3. retningslinjer for innleggelse i sykehus,
4. beskrivelse av kommunens tilbud om døgnopphold for øyeblikkelig hjelp etter § 3-5 tredje ledd,
5. retningslinjer for samarbeid om utskrivningsklare pasienter som antas å ha behov for kommunale tjenester etter utskrivning fra institusjon,
6. retningslinjer for gjensidig kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling og for faglige nettverk og hospitering,
7. samarbeid om forskning, utdanning, praksis og læretid,
8. samarbeid om jordmortjenester,
9. samarbeid om IKT-løsninger lokalt,
10. samarbeid om forebygging og
11. omforente beredskapsplaner og planer for den akuttmedisinske kjeden.
***12: Betre felles planlegging** (Nytt av 2021)*

Dagens avtaleverk:
Helse Førde og kommunane i opptaksområdet har følgjande avtaleverk i dag:

1. Rammeavtale: Overordna og styrande samarbeidsavtal som regulerer samhandlinga og set føringar på kva avtalar ein ser naudsynt i tråd med nasjonale føringar, lovverk og lokale behov.
2. Delavtalar: Avtalar som er forankra i overordna samarbeidsavtale. Pr 2021 føreligg det 19 delavtalar mellom kommunane og Helse Førde. Delavtalane er likelydande for alle kommunane i opptaksområdet til Helse Førde.
3. Særavtalar: Avtalar knytt til delavtalar, med føremål å regulere meir avgrensa faglege og/eller geografiske områder
4. Samarbeidsavtalar/prosedyrar? Avtalar som er heimla i delavtalar, med føremål å regulere meir avgrensa fagleg område

Status i arbeidet med rammeavtale:
Arbeidet med revisjon av rammeavtala starta opp i November, i tråd med mandatet til nedsett arbeidsgruppe rundt helsefellesskap. Arbeidsgruppa har hatt eit møte og har planlagt to halvdagsmøter i Januar-22 for vidare arbeid med avtala. Arbeidsgruppa ser det som føremålsteneleg å forenkle avtaleverket, og ser at dagens avtaleverket er omfattande å halde seg oppdatert på. Arbeidsgruppa føreslår å sjå på om nokre avtalar kan slåast saman eller endrast til samhandlingsprosedyrer/rutiner. For å sikre at nytt avtaleverke blir gjort kjent ser arbeidsgruppa det som føremålsteneleg å gå i gang med å utarbeide eit elektronisk avtaleverk.

Det er ingen lovmessige endringar for rammeavtala utanom tillegg § 6-2 om felles planarbeid. Arbeidsgruppa vurderer at avtalen om helsefellesskap mellom KS og Regjeringa + målbiletet i NHSP skal innarbeidast i revidert rammeavtale. Samarbeidet mellom partnarane skal byggjast opp rundt

ein tredelt struktur; Partnarskapsmøte; Strategisk samarbeidsutval og Fagleg samarbeidsutval. Samarbeidet skal byggje på prinsipp om likeverdig partnarskap, konsensus, felles verkelegheitsforståing, forpliktande samarbeid med tydelege lokale prioriteringar, mål og tiltak og heilskapelege pasientforløp. Helsefellesskapa skal ha tydlege prioriteringar; Born og unge; Personar med alvorlege psykiske lidingar og rusmiddelproblem; Skrøpelege eldre; Personar med fleire kroniske lidingar.

4. Arbeidet med prioriterte områder/pasientgrupper.

Ramma og strukturane for helsefellesskapet er no lagt, arbeidet framover vil i stor grad handle om å fylle strukturane med innhald som gjev meining for både kommunane og Helse Førde.
Eit sentralt mål er å sikre betre samhandling og samarbeid rundt dei fire prioriterte pasientgruppene som nasjonal helse og sjukehusplan skisserer.
Korleis dette skal gjerast i vårt helsefellesskap må avgjerast på både strategisk og fagleg nivå for å sikre at arbeidet er i tråd med lokale behov for forventningar.
Difor er det eit ønske at fagrådet startar arbeidet med å opprette faggrupper/utval inanfor prioriterte grupper.
Koordineringsrådet bør drøfte og sette den strategiske retningen for arbeidet.
Spørsmål til drøfting:

1. Korleis skal dette arbeidet starte i vårt helsefellesskap?
2. Kva er dei største utfordringane hos oss lokalt?
3. Skal ein starte faggrupper/utval innanføre alle dei fire prioriterte gruppene eller skal ein starte med ei eller to grupper og utvide etter kvart som utvala er sjølvgåande?
4. Bør det være faste grupper som deltek innanføre det enkelte fagområde, eller skal gruppene være dynamiske og endre representasjon utifrå kva problemstilling som vert løfta?

Forslag tilrådingar:

1. *«Koordineringsrådet ser det naturleg at vårt helsefellesskap vert døypt til Helsefellesskapet mellom Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane»*

2. *« Koordineringsrådet ber felles brukarutval (FBU) om å oppnemne brukarrepresentasjon inn i fagleg samarbeidsutval i tråd med føringane i nytt helsefellesskap»*

3. *« Koordineringsrådet opnemner eit avtaleutval som tek sikte på å forenkle avtaleverket utan at grunnleggande struktur blir endra for mykje. »*

«Koordineringsrådet ber avtaleutvale gå gjennom dagens avtalar og skissere kva slags avtalar ein kan slå saman, kutte eller gjere om til samhandlingsprosedyrer og samhandlingsrutiner»

«Koordineringsårdet ber avtaleutvalet gå i gang med arbeidet om å lage eit elektronisk avtaleverk»

«Koordinerigsådet vedtar endring av namn på overodrna samarbeidsavtale frå å vere «Rammeavtale mellom helse Førde HF og xx kommune» til «Overordna samarbeidsavtala-Hovudavtale mellom Helse Førde HF og xx kommune»,»

4. *«Koordineringsrådet ber fagrådet startar arbeidet med å sikre faggrupper som skal jobbe vidare med dei prioriterte pasientgruppene som skissert i vårt helsefellesskap»*

«Koordineringsrådet ber om at utviklingsarbeid som vert jobba med i læringsnettverk for gode pasientforløp aktivt vert tatt med i vidare arbeid»

Sak 19/2021 Orientering om arbeidet med nettverk for kommuneoverlegar og representasjon inn i helsefellesskapet og framtidig utviklingsarbeid.

Jan Helge Dale, kommuneoverlege Kinn, orienterer i møtet

Sak 20/2021 Status arbeidet med regionrådssamarbeid

Frode Kyrkjebø, dagleg leiar KS, orienterer i møtet

Sak 21/2021 Samhandlingskonferanse 2022

Elin Sørbotten, interkommunal samhandlingskoordinator, orienterer i møtet

---

Oppsummering:
Samhandlingskonferansen er ein årleg konferanse der strategisk leiing i kommunane og øvste leiing i Helse Førde møtast for felles fagutvikling og samhandling om dei viktige sakene for partnarane i vårt helsefellesskap..
Koordineringsrådet har ansvar for å syte føre at tema og program for konferansen, og at det vert sett ned programkomitè med mandat til å arrangere på vegne av partane.
Koordineringsrådet godkjenn endeleg program.

Faktaopplysningar:
Samhandlingskonferansen blir arrangert kvart år i regi av KS, Helse Førde, Brukarutvalet, Fylkeskommunen og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Den er eit viktig møtepunkt på tvers av sektorar, kommunegrenser og fagmiljø.
Bakgrunn for konferansen er etter initiativ frå tidlegare fylkeslege Petter Øgard som inviterte kommunane og helseføretak inn i eit samarbeid. Tema for konferansane vart bestemt av koordineringsrådet som utnemnde programkomitè utifrå tema, herunder kva samarbeidspartar som var naturlege å invitere inn. I åra etter kan det virke som praksisen rundt dette endra seg noko.

Samhandlingskonferansen 2020 var planlagt som kickoff til arbeidet med helsefellesskap, men vart avlyst som følgje av pandemien.
Sist felles konferanse var difor den 3 og 4 April 2019. Tema for konferansen var **«Framtidas pasient/ Den moderne helsearbeidaren»**
Program for dagen vart vedteke i koordineringsrådet på førehand, og programkomitè vart oppnemnt med representantar frå året før med nokre tilleggsmedlemmar. .
Det var god deltaking på konferansen, og nær 200 med representasjon frå kommunar, helseføretak, brukarutval og andre interessentar.

Til tross for dette vart det stilt spørsmål ved om ein treff målgruppa, representasjon frå helseføretak og kommunane var mykje lik som ved erfaringskonferansen og det manglar oppmøte frå strategisk og overordna leiing.

Samhandlingskonferansen 2022? står for tur, og det må no settast ned ein ny programkomitè. For å sikre at ein treff målgruppa med både tema og program så må det vurderast om ein skal ha deltakarar frå øvste leiing med i denne prosessen, samt sikre ein god informasjonsflyt ut til målgruppa.

Forslag til medlemmar av programkomiteèn for samhandlingskonferansen 2022:

- *KS – 1*
- *Kommunedirektør- 1*
- *Føretaksleiing- 1*
- *Brukarutvalet. -1*
- *Prosjektstøtte ein frå kommunane og ein frå helseføretaket.*

- *HVL- ?*
- *Fylkeskommunen- ?*
- *Statsforvaltaren.-?*

Tema for årets konferanse: ?

Vurdering:

2020 vart eit spennande år med region og kommunereform, arbeid med helsefellesskap og i tillegg ein pandemi som har krevd mykje ressursar frå begge partar, men samstundes synt eit samarbeid som har fungert god mellom spesialist og kommunehelsetenesta. For å sikre gode helsetenester i vårt helsefellesskap kan samhandlingskonferansen bidra til tettare dialog og relasjonsbygging også på nivået for strategisk leiing.

Ein har i alle år hatt tett samarbeid med andre partar i arrangering av konferansen, det vert allikavel viktig å sikre at hovudintressentane til konferansen er strategisk administrativ leiing i kommunane og øvste leiing i helseføretak, med innslag frå også andre samarbeidspartar.

Ein ber difor koordineringsrådet ta stilling til og komme med forslag til tidspunkt for neste samhandlingskonferanse, samt tema for konferansen og deltakarar i programkomiteèn som kan stette og bidra inn for å skape ein konferanse som både kommunane og helseføretaket opplev som nyttig konstruktivt og til det beste for våre felles interesser.

Tilråding:

1. *«Koordineringsrådet føreslår følgande overordna tema for konferansen XXXXXXXX og let det være opp til programkomiteèn å finne passande dato for arrangementet.»*

2. *«Koordineringsrådet føreslår følgande medlemmar til programkomiteèn:*

- *KS*
- *Rådmann*
- *Føretaksleiing*
- *Brukarutvalet*

- *Andre?*

3. *«Koordineringsrådet oppmodar strategisk leiing i helsefellesskapet mellom Helse Førde og kommunane om å prioritere å møte på dette viktige samlingspunktet for partnarane i 2022 »*

Sak 22/2021 Erfaringskonferanse 2022

Elin Sørbotten, interkommunal samhandlingskoordinator, orienterer i møtet

---

Oppsummering:
Erfaringskonferansen blir arrangert anna kvart år (2012, 2014, 2017, 2019 og 2021) i samarbeid mellom KS og Helse Førde HF. Her er det mogleg å drøfte tilgjengeleg styringsinformasjon, erfaringar og forbetringspunkt i samhandlinga mellom spesialist- og kommunehelsetenesta. Innhaldet på konferansen skal vere tett knytt til praksis, og relatert til vekslinga mellom spesialist- og kommunehelsetenesta. Ein vil her også sjå nærare på korleis gjeldande samarbeidsavtalar og rutinar fungerer i den praktiske kvardagen. Målgruppa er leiarar og tilsette både i første- og andrelinjetenesta som har sin arbeidskvardag i dette «samhandlingsrommet».

Det var planlagt for eigen erfaringskonferanse for tilsette innan rus og psykiatritenestene i 2020, grunna pandemien vart dette ikkje gjennomført.
Det er nedsett ein programkomitè godkjend frå koordineringsrådet, og ein ber koordinerignsrådet ta stilling til om programkomiteèn skal starte arbeidet med å planlegge for erfaringskonferanse PHV våren 2022.

Etter planen skulle det også være erfaringskonferanse for somatikk våren 2021, og det må settast ned ein programkomitè om ein skal starte arbeidet med planlegging av erfaringskonferanse også for denne målgruppa.

Faktaopplysningar:
I den somatiske delen av helsetenesta så har ein hatt desse konferansane sidan 2012, med gode tilbakemeldingar på både program og tid for diskusjonar/gruppearbeid. Arbeidet rundt inn og utskriving har vore den raude tråden, spørsmålet no vert om dei somatiske avdelingane og avdelingane i psykisk helsevern er kome like langt når det kjem til samhandling mellom primær og spesialisthelsetenesta.
Kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar innan psykisk helse og rus kom som eit lovkrav 01.Januar 2019, medan det har vore gjeldande i dei somatiske delane av helsetenesta sidan 2012. Dette medfører at rutinane kring samhandling kan være ulikt implementert. Pleie og omsorgsmeldingar og rutinar kring dette har hatt stort fokus for dei somatiske brukarane, medan det ikkje har vore like rigide føringar for korleis samhandlinga kring våre felles brukarar i PHV.

I koordineringsrådet 03.03.2020 vart endeleg programkomitè for erfaringskonferanse PHV nedsett, og fekk klarsignal på å starte med førebuing av konferanse hauste 2020. Det var presisert eit ynskje om å involvere brukarrepresentant inn i arbeidet.
Følgande representantar er oppnemnt.
Frå kommunane:
- Øystein Furnes, kommuneoverlege/ Sunnfjord kommune
- Benedikte Lunde, avdelingsleiar psykisk helse og rus /Stryn kommune

- Oddrun Tveit, psykiatrisk sjukepleiar, Sogndal kommune
- Elin Sørbotten, samhandlingskoordinator

Helse Førde:

- Normund Svoen, PKO
- Marte Ulltang, samhandlingssjef
- Ingvild Hjelmeland Finsås, gruppeleiar DPS døgn, Førde
- Jorunn Sandvik, seksjonsleiar NPS Døgn
- Øyvin Myrmel, seksjonsleiar ISP
- Inger Marie Berg Thune, Erfaringskonsulent

Grunna pågåande pandemi har ein ikkje fått planlagt for/eller arrangert erfaringskonferanse i 2020/2021.
Etter planen skulle det vore gjennomført erfaringskonferanse PHV i 2020 og for dei somatiske einingane i 2021.

Tilråding/ forslag til vedtak:

1. *«Koordineringsrådet ser behov for å arrangere møteplassar på tvers for tilsette i tenestene. Tett samarbeid er særskilt viktig rundt pasientar med behov for teneste frå både spesialist og kommunehelsetenesta. Dette er eit satsingsområde for vårt helsefellesskap, og det er viktig at dei får møtast og drøfte felles utfordringar»*

2. *«Koordinerignsrådet ber programkomiteèn for erfaringskonferanse PHV starte arbeidet med å førebu konferanse våren 2022»*

3. *«Koordineringsrådet ber samhandlingssjef og interkommunal samhandlingskoordinator om å føreslå programkomitè for erfaringskonferanse somatikk og komme attende med saka i første møte 2022»*

Sak 23/2021 Utviklingsplanen - status

Marit Kleiven, seniorrådgjevar Helse Førde, orienterer i møtet

---

Fristen for utviklingsplanen til Helse Førde er forlenga frå 31. desember 2021 til 1. mars 2022. Dette med bakgrunn i forseinking av det regionale arbeidet med å lage framskrivingsmodellar. Nye analysemodellar kan gi nye føringar som vi må ta omsyn til i planen.
Orientering om revidert framdriftsplan og høyring vert gitt i møtet.

Forslag til vedtak: «Koordineringsrådet tek orienteringa til vitende»

Sak 24/2021 Betre felles planlegging, involvering av HFD i planarbeidet i kommunane?

Arve Varden, administrerande direktør Helse Førde, orienterer i møtet

---

Sak 25/2021 Godkjenning av budsjett felles brukarutval 2022

Eilif K Berdal, leiar Felles brukarutval, orienterer i møtet

Oppsummering:
I gjeldande retningslinjer for felles brukarutval heiter det; *etter at brukarutvalet sjølv har kome med tilråding til eige driftsbudsjett, skal Koordineringsrådet fastsette årleg budsjett for Felles brukarutval for Helse Førde og kommunane i opptaksområdet.* Denne saka presenterer utvalet sitt framlegg til budsjett for driftsåret 2022 i samsvar med vedtak i brukarutvalsmøtet 29.oktober i år. Framlegget inneber ei vidareføring av budsjett 2021.

Faktaopplysningar:
Godtgjersle til brukarutvalsmedlemmane er i utgangspunktet fastsett av Helse Vest, og Koordineringsrådet slutta seg til desse i sak 49/2017. Med bakgrunn i at brukarmedverknadshonorara ikkje har vore justert sidan, er det rimeleg grunn til å anta at desse vert justert i nær framtid. I FBU sitt framlegg til budsjett for 2022, er det likevel ikkje teke høgde for eventuell auke i møtegodtgjersle, ei heller auke i honorar for leiar og nestleiar.

Frå punkt 10 i gjeldande retningslinjer;
«Helseføretaket vedtek budsjettet til brukarutvalet i samband med den årlege budsjettbehandlinga til helseføretaket. Det er opp til kvart enkelt RHF å fastsetje dei økonomiske rammene for brukarmedverknad og godtgjersle til brukarutvala i RHF-et og underliggjande HF.»

I ovannemde retningslinjer vert det vidare fastslege at kostnadar til drift av felles brukarutval i Helse Førde sitt opptaksområde vert fordelt 50/50 av partnarane Helse Førde og alle kommunane i opptaksområdet. I dette ligg også ei skjønnsmessig vurdering av dei utgifter til sekretariatsfunksjonen som helseføretaket har for utvalet. I faktureringsutmålinga skal det nyttast fordelingsnøkkel i høve til gjeldande folketal for kommunane versus samla årlege utvalskostnader. Av ulike grunnar har utgifter til sekretariatsfunksjonen til FBU likevel ikkje vore med i faktueringsgrunnlaget til kommunane.

Vurdering:
Med bakgrunn i førebels rekneskapsresultat for inneverande år, vert framlegg til B2022 ei vidareføring av budsjettramma for 2021. Underforbruk i høve til B2021, kan i stor grad tilskrivast auka bruk av digital møteverksemd pga covid-19.

Leiar og sekretariatet for felles brukarutval i Sogn og Fjordane er kjend med at det er iverksett ein prosess for å auke møtegodtgjersla for brukerrepresentantane, samt honorar for leiar og nestleiar. Tidspunktet for ei eventuell endring er imidlertid ikkje kjend, og sekretariatet i FBU vil komme attende med slik økonomi-informasjon til Koordineringsrådet så raskt det let seg gjere.

Framlegg til budsjett 2022
Felles brukarutval for Helse Førde og kommunane i opptaksområdet

Budsjett 2022		
Utgiftsarter	Budsjett	Kommentar
Møtegodtgj. ordinære BU-møte	117.000	Møte over fire timar - 1700 NOK
Møtegodtgj. andre møte/prosjekt	120.000	Møte under fire timar - 850 NOK
Reisegodtgj.og diett ordinære møte	144.500	
Tapt arbeidsinntekt ordinære møte	20.000	
Sosiale kostnader	60.000	
Andre utgifter	10.000	
Fast godtgjerdsle leiar og nestleiar	22.500	
Samla	494.000	

Framlegg til vedtak:
Koordineringsrådet godkjenner felles brukarutval sitt framlegg til budsjett for 2022 - stort 494.000 NOK. Konsekvensen av eventuelle vedtekne endringar i møtegodtgjersle og andre honorar for budsjettåret, vert å presentere for Koordineringsrådet så raskt som mogeleg.

Sak 26/2021 Operasjonalisering av vedtak prehospital plan

Arve Varden, administrerande direktør Helse Førde, orienterer i møtet

---

Sak 27/2021 Samhandlingsavvik

Marte Ulltang, samhandlingssjef Helse Førde, orienterer i møtet

---

Oversikt over samhandlingsavvik 2021
Det er utarbeidd oversikt over samhandlingsavvika som er melde mellom kommunane og Helse Førde i 2021. Desse vert presentert i møte

Regionale digitale dagsamlingar
Det vart arrangert digitale regionale dagsamlingar på Teams i september 2021:
Tysdag 07.09.21 kl. 12-14 for Sunnfjord og ytre Sogn / FSS
Tysdag 21.09.21 kl. 12-14 for Nordfjord / NSH
Tysdag 28.09.21 kl. 12-14 for Sogn / LSH

Program:
1200-1215 System for avvikshandtering innan samhandling
1215-1225 E-læringskurs
1225-1240 Les og lær
1240-1245 Beinstrekk
1245-1320 Gruppearbeid om avvikssaker innan samhandling

1320-1340 Gjennomgang av gruppearbeid
1340-1355 Erfaringsutveksling og innspel

Målgruppe:
Leiarar innan helse og omsorg i kommunane, einingsleiarar/seksjonsleiarar i Helse Førde. Dei kunne møte den dagen det høvde best, sjølv om dei høyrde til eit anna område.

Deltaking:
Det kom totalt 14 deltakarar frå ulike avdelingar i Helse Førde.
Det kom 36 deltakarar frå ulike kommunar

Organisering
I dei digitale samlingane er det større begrensing over kor mange deltakara ein kan ha for å få til gode digitale møter med dialog og gruppearbeid. Denne gongen var det leiarar frå dei ulike nivåa i sjukehus og kommunar som vart invitert til regionole dagsamlingar for å sikre at informasjon om samhandlingsavvik vert sett på agendaen ute i tenestene og for å få god kjennskap til E-læringskurs på leiarnivå.

Frå arbeidsgruppa deltok samhandlingssjef Marte Ulltang, samhandlingskoordinator Elin Sørbotten, rådgjevar i Helse Førde Irene Barmen Hoel, rådgjevar Kjellaug Berntsen og kommunalsjef Kirstin Bruland.

- Dagane var lagt opp med korte presentasjonar om informasjon om kva arbeidsgruppa for samhandlingsavvik har jobba med dei siste åra. Samhandlingsstrukturane og statistikk frå samhandlinga.
- E-læringskurs vart gjennomgått i korte trekk, samt informasjon om kvar dette kurset er å finne.
- Gjennomgong av metoden Les og Lær før gruppearbeid.
- Gruppene var inndelt i digitale grupperom i forkant. Ein tilstreba deltaking frå kommune og helseføretak i kvar gruppe. I gruppearbeidet diskuterte ein case og jobba ut i frå Les&Lær-metoden. Det vart sendt ut evalueringsspørsmål etter samlinga.

Erfaringsutveksling/drøftingar til slutt:
- Å ha eit kort og konsentrert møte utan reisetid, er noko som leiarane kan prioritere. Det var ein positiv oppleving. Det er godt å spare tid på kjøring til fysiske samlingar
- Kommunane ønskjer at det i vanskelege saker blir eit digitalt møte mellom partane i tillegg til samhandlingsavvika.
- Det kom framlegg om ei felles møteplattform digitalt eller på telefon, der ein kan drøfte utfordringar.
- Mykje blir løyst gjennom PLO-meldingane når desse blir brukt etter intensjonen.
- Alle har det travelt, derfor må vi ha effektive samtaler når vi tek kontakt.
- Kommunane opplever at det er låg terskel for å ta kontakt med avdelingane om pasientar
- I sjukehuset jobbar ein med avvik med å ta utgangspunkt i journalen og nøste derifrå. Det blir behandla avvik i personalmøte, postmøte med legane og nokre avdelingar har ei eiga lukka facebookside for å spreie informasjon som ikkje er sensitiv.
- Dei slit med å få folk til å melde avvik fordi det er tungvint
- Samhandlingssjefane i regionen har spelt inn til Helse Vest at det er behov for ei digital løysing for å melde samhandlingsavvik mellom kommunane og helseføretak.
- Vi treng å få auka meldekulturen. Vi treng å jobbe med å auke tal avvik som blir sende begge vegar og saker må løysast på lågast effektive omsorgsnivå

- Det er ei utfordring å få til god samhandling med polikliniske pasientar, då legane som behandlar ikkje alltid har fokus på samhandling med kommunen
- Delavtalane er lite kjende blant personell både i sjukehus og kommune. Desse bør takast fram av og til og repeterast.
- Det er lite kunnskap om kva som bør meldast, derfor blir lite meldt. Derfor er det viktig at mange tek e-læringskurset om samhandling.
- Det er kanskje nok med to samlingar, sidan det var få deltakarar på den tredje samlinga.
- Når ei avdeling har meldt mange saker til kommunane, men aldri får svar, er det demotiverande for meldekulturen
- Kommunane må ha fokus på å svare ut meldingane som kjem. Purring har vore prøvd, med lite effekt.
- Det er viktig å seie frå om det som skjer av uønska hendingar, og det er fint å sjå at meldinga fører til endring hos samarbeidsparten.

Tilråding:

- «Koordineringsrådet ser utfordringane med å sikre deltaking i fysiske regionale samlingar, og oppmodar arbeidsgruppa til å halde fram med å arrangere digitale regionale dagsamlingar for samhandlingsavvik kvart andre år»

- «Koordineringsrådet oppmodar om å arrangere fysiske samlingar i framtida»

Sak 28/2021 Evt.